



## God hauststart - 33 par første speleveld!

### Resultat Einkvelds - 3 september

	A-pulje	Score	%	Premie
1	Vidar Kjøraas - Kjell Asbjørn Helland	64,9	63,4	130
2	Sven Haukenes - Agnar Kronen	61,4	62,6	110
3	Terje Sæbø - Roald Mjøs	40,0	58,2	100
4	Ann-Mari Mirkovic - David Ueland	36,0	57,4	90
5	Jon Steinar Dale - Theo Linge	27,8	55,7	80
6	Knut Ivar Pettersen - Kjell Gaute Fyrun	15,2	53,1	
7	Martin Ivar Henden - Jostein Obrestad	13,0	52,7	
8	Elisabeth Eikeland - Ragnar Tveit	11,0	52,3	
9	Knut Brænden - Jan Thorbjørnsen	6,6	51,3	
10	Gerhard Leiten - Terje Nilsen	2,1	50,4	
11	Oddvar Melchersen - Rolf Skaar	-3,4	49,3	
12	Hans Olaf Hansen - Finn Eriksen	-5,4	48,9	
13	Harald Kluge Andersen - Harald Fløysand	-10,0	47,9	
14	Irene Søreide - Jarl Midtun	-23,0	45,3	
15	Erik Eriksen - Frank Ove Sandvik	-26,0	44,7	
16	Henry Knudsen - Rune Sagstad	-26,2	44,6	
17	Atle Seim - Daniel Bjørge	-29,8	43,9	
18	Lisbeth K. Glærum - Kenneth Edvardsdal	-32,6	43,3	
19	Sigmund Sæbø - Sigrun Reigstad	-46,6	40,4	
20	Dagfinn Andreassen - Rolf Selbak	-75,0	34,6	
	B-pulje			
1	Svein Blomberg - Hans Edvard Seim	37,1	63,8	120
2	Kari Matre - Joar Helle	30,0	61,1	100
3	Olav Kåre Hagen - Sylvi Hagen	20,3	57,5	80
4	Roar Hatløy - Magne Hatløy	14,6	55,4	
5	Randi Jensen - Oddbjørn Småland	10,1	53,8	
6	Erik Engum - Anne Ringstad	7,9	52,9	
7	Astrid Nygaard - Per Nygaard	6,0	52,2	
8	Turid Tøsdal - Berit Rødland	-10,1	46,3	
9	Einar Sætre - Ottar Eide	-11,0	45,9	
10	Sina Underhaug - Laila Stokke Jacobsen	-12,4	45,4	
11	Björg Brynie - Rigmor Åse Myhre	-13,0	45,2	
12	Mette Heiberg Devold - Olav Jacobsen	-32,6	37,9	
13	Borgny Pedersen - Charles Uthaug	-48,4	32,1	

Klubbkassereren, Vidar med sin faste makker, Kjell Asbjørn, vann A-puljen trass i tredelt botn og minus 7 i sesongens første spel:

1	♠ AJ1042	♠ 93
Nord	♥ A75	♥ KQJ864
Ingen	♦ 53	♦ 6
	♣ Q106	♣ J972
♠ 876		
♥ 2		
♦ AQJ10874		
♣ 84		
	♠ KQ5	
	♥ 1093	
	♦ K92	
	♣ AK53	

”Multifantastane” opnar nok her med 2 ruter. Ved 2 bord nådde dei 4 hjarter medan Vidar stolte på makkers innmeldte ruterfarge og spelte 4 ruter, alle tre gjekk 4 beit med sløyfe og 800 i utbetaling, 6 stikk som Dobbel Dummyanalysen tilseier.

Analysen tilseier også at Nord bør ha 10 stikk i sparkontrakt, men ved dei 7 borda som melde 4 spar var det berre Erik Eriksen som greidde kontrakten, dei 6 hine para gjekk 1 beit.

Nord har i utgangspunktet to taparar i kvar av raudfargane, og har 5 stikk i spar, eitt i hjarter og 3 i kløver. For det tiande stikket lyt han ha hjelp av motparten eller ha skvisen som ven!

Øst startar nok gjerne med singleton i ruter og vest tar to ruterstikk og spelar ein tredje ruter som Nord lyt trumfe høgt. Etter tre gonger trumf gir ein bort eit hjarterstikk og stillingen er denne:

1	♠ 2		
Nord	♥ A7		
Ingen	♦ -		
	♣ Q106		
♠ -		♠ -	
♥ -		♥ KQ	
♦ 10874		♦ -	
♣ 84		♣ J972	
	♠ -		
	♥ 109		
	♦ -		
	♣ AK53		

Spelar Øst kløver, er det favør og Nord har sine 10 stikk. Øst må altså spele hjarter som Nord stikk og spelar sin siste trumf. Dermed er Øst skvist og Nord har utgangen i hus.

Betre går det vel ikkje med eit anna utspel eller motspel. Poenget er å gi vekk dei 3 stikka for å få skvisen til å virke.

Tilbake til kveldsvinnarane:

Trass i ein dårleg start med dette spelet fekk dei pluss 1 på rundan. Med delt topp på første spelet, rein topp på andre og fir-delt nesttopp på tredje spelet og dermed rundesum 20,9 i andre runde surfa dei i leiarskiktet heilt til slutt.

I siste spelet i siste runde styrka dei leiinga ved å hanke inn nok ein delt topp etter eit optimistisk meldingsforløp med til saman 21 punktar.

27	♠ A10853		
Syd	♥ K9		
Ingen	♦ J74		
	♣ AK8		
♠ Q96		♠ K42	
♥ Q10764		♥ AJ532	
♦ AK10		♦ 86	
♣ Q5		♣ 942	
	♠ J7		
	♥ 8		
	♦ Q9532		
	♣ J10763		

Her var det Kjell Asbjørn som var spelefører i Vest, og han spelte heim 4 hjarter til dobbel takst, det same gjorde David Ueland. Kontrakten skal beitast, Nord-Syd bør ha 2 stikk i kvar av dei svar-te fargane, men dersom motspelarane løyser sparfargen gir dei spelefører sjansen til å få to stikk i fargen. Saman med to ruterstikk og seks trumfestikk ved å trumfe ein ruter og ein kløver gir det i alt 10 stikk.

Lesarane får sjølv studere korleis sparfargen må handterast for å få to stikk, ein kan berre legge til at det ikkje alltid er så lett ved bridgebordet. Med opne kort er det nok ofte lettare å briljere med etterklokskapen.

Steky

## BM LAG – Torsdagar i Åsatun

BM Lag (Åpent Bergensmesterskap) blir i år spela i Åsatun, og det er venta god tilslutnad frå våre klubbmedlemmer.

Forutan 8 kvalifiserte lag i mesterpuljen og 8 i A-puljen er der open deltaking i B-puljen. Det som krevs er minst 4 på kvart lag – men det kan vere greitt med fleire, i alle høve trengs 4 spelarar kvar gong..

Lagkampane tek til 26. september, innleiande kampar vert spela 7 torsdagar i haust, dertil vert spela 3 torsdagar på nyåret om opprykk/nedrykk til puljene i neste sesongs BM.

Når klubben vår har pressa på for å få flytta BM lag frå sentrum og hit, er det med von om betre deltaking frå klubbane i Nord- og Midthordland, og sjølsagt frå eigen klubb.

For nærare info – sjå heimesidene til kretsen: <http://www.nbfhordaland.org/> - innbyding kjem nok der etter kvart!

***Etabler og meld på eit lag i B-puljen! Styret hjelper evt. med å skaffe lagkameratar!***